

NYTT ORGEL TIL MANGER KYRKJE

Arbeidet med å få nytt orgel til kyrkja i Manger er ei inspirerende oppgåve. Kyrkja har ein storleik og ein akustikk som ein berre sjeldan finn. I distriktet vårt står denne kyrkja i ei særstode, og ein kan berre verta full av undring og vørndnad for dei som reiste dette prektige byggverket. Orgelet som no skal skiftast ut vart bygt etter dei prinsippa som galdt då det vart innstallert i kyrkja. Både storleik og disposisjon gjev eit klårt bilete av dei idear som var rådande på den tid, og så lenge orgelet var i fullgod stand, hadde kyrkjelyden stor glede av det. Men etter som tida har gått, har ideal og prinsipp i orgelbyggjar-kunsten vorte sterkt endra. Ein har no meir og meir nærma seg det klassiske ideal der orgelprospektet og oppbygginga av instrumentet er knytt nært saman. På dette område ligg tilhøva sers godt til rette i Manger, der dei ulike deler av instrumentet kan få ei ypparleg oppstilling.

Orgelet burde ha eit stemmetal på ca.35, og det er vondt at ein må forlata dette alternativet. Når det no syner seg uråd å finansiera eit slikt orgel, og ein må redusera stemmetalet ein del, vil eg så sterkt eg kan åtvare mot at det vert redusert til under ca.30 stemmer. Det vil vera eit stort feilgrep som ein seinare vil trega på. Eit orgel med 25 stemmer må fordelast på 2 manual, medan ca.30 stemmer kan fordelast på 3 manual. Desse 5 stemmene har mykje meir å seia for instrumentet enn talet gjev uttrykk for. Eit instrument med 3 manual gjev langt større høve for nyansering og variasjon enn eit orgel med 2 manual.

I dei seinare åra er det fleire frå Manger som har utdanna seg til kyrkjemusikarar. Dette gjev også store voner for framtida, men det legg også eit stort ansvar på dei som skal fastsetja storleiken på instrumentet. Dette er etter mi meining ei prioriteringssak som politikarane i Manger må bera det fulle ansvaret for. Om instrumentet vert godt eller mindre bra er orgelbyggjaren sitt ansvar. Med den kjennskapen eg har til Paul Otts tradisjonar, er eg viss på at han vil gjera sitt yttarste for å byggja eit instrument i tråd med intensjonane til dei som i si tid bygde kyrkja i Manger, og til glede og oppbygging for kyrkjelyden i årtider framover.

Bergen, den 8. november 1978.

Magnar Mangerud

Manger Sokneråd
5120 Manger.

Manger den 5. november 1978.

Orgelnemda for nytt orgel i Manger Kyrkje hadde møte fredag den 3. nov. d.å. for å koma med tilråding til soknerådet om kjøp av nytt orgel til Kyrkja.

I samarbeid med konsulenten for orgelet Magnar Mangersnes har vi festa oss ved to typar orgel.

VÆB ORGELBAU DRESDEN (Aust-tyskland) og PAUL OTT ORGELBAU (Vest-tysk).

Direktør H. Jehmlich (aust-tyskland) og Direktør Paul Ott (Vest-tyskland) har vore i kyrkja uavhengig av kvarandre og sett. Paul Ott har også vore med på eit møte i orgelnemda der vi også hadde Magnar Mangersnes, Ordførar Meinert Helland, Kontorsjef Petter Morken med. Soknerådsformannen Ingeborg Askeland har vore med dei fleste møta.

Begge orgelbyggjerane var overvelda over størrelsen på kyrkja og den fine akustikken som var her og dei tilrådde at vi måtte kjøpa eit orgel med 3 manualar. (den 3. manual vert brukt iflg. Ott til Liturgisk speling og til tonefylgje med songsolidtar)

Leveringstida for det vest-tyske orgelet er sett til 1½ år etter kontraktskriving og det aust-tyske orgelet er sett til 2½ år etter kontraktskriving.

Magnar Mangersnes har tilrådd og går sterkt inn for at vi skal tinga Orgel frå Orgelbyggjar PAUL OTT med 29 stemmer og 3 manualar.

Kostnad Kr. 950.000,-
=====

Orgelnemda har samrøystes kome fram til denne tilrådinga:
Det vert tinga Orgel til Manger Kyrkje etter alternativ 2 i tilbodet av 30. okt. d.å. frå Paul Ott Orgelbau, Cöttingen, Vest-tyskland for kr. 950.000,- komplett montert i kyrkja med 29 stemmer og 3 manualar.

Finansieringa reknar vi med å få lån i Manger Sparebank med kommunal garanti og sjlvsagt også med innsamla midlar.

Dette er eit stort lyft vi tek på oss men kyrkja treng nytt orgel og ho treng eit orgel av høg standard . Kyrkja må også få eit orgel som ikkje berre stettar krava idag men også for framtida.

Magnar Mangersnes vil senda ei utgreing og tilråding frå seg vedkomande det faglege ved orgelet.

Johan S. Morken

Johan S. Morken
f. Orgelnemda

formann

Fra Paul Ott

4 Blatt zum Brief vom 30.10.78. Manger

Kostenzusammenstellung:

Disposition 1 (24 Register, 2 Manuale)

Preis des Instrumentes ab Werkstatt Göttingen,
jedoch einschl. Aufstellung und Intonation DM 222.000,--

Nebenkosten für Transport ca. DM 5.000,--
" " Aufenthalt ca. DM 4.500,--

(Gesamtkosten incl. moms. etc.
ca. Nkr. 750.000,--)

=====

Disposition 2 (29 Register, 3 Manuale)

Preis des Instrumentes ab Werkstatt Göttingen,
jedoch einschl. Aufstellung und Intonation DM 281.880,--

Nebenkosten für Transport ca. DM 5.500,--
" " Aufenthalt ca. DM 5.000,--

(Gesamtkosten incl. moms.
ca. Nkr. 950.000,--)

=====

Disposition 3 (33 Register, 3 Manuale)

Preis des Instrumentes ab Werkstatt Göttingen,
jedoch einschl. Aufstellung und Intonation DM 328.950,--


Nebenkosten für Transport ca. DM 5.800,--
" " Aufenthalt ca. DM 5.500,--

(Gesamtkosten incl. moms. etc.
ca. Nkr. 1.065.000,--)

=====

Alle Preise sind berechnet nach den heute geltenden Kosten
für Löhne und Materialien und ändern sich mit denselben.

G ö t t i n g e n , den 30. Oktober 1978



(0
fc

*Du
Al*

Paul Ott

MANGER SOKNERÅD
5120 MANGER

KOSTNADSOVERSLAG OVER DET AUST-TYSKE ORGELET
frå Orgelbau Dresden

31 stemmer

DM 222.000,--

DM 5.000,--

DM 4.500,--

Orgelverk m/orgelhus (utanom evt. målar-
og inst.arbeid) ----- nkr 437 400
Deler frå Vesttyskland (vil truleg stiga) nkr 125 000

Frakt (Førde betalte 16 700) nkr 17 000

Toll (12.5% av ca 2/3 av kj.sum +frakt) ca nkr 50 000

Sum (utan moms) ----- nkr 629 400

Moms 126 000

DM 281.880,--

DM 5.500,--

DM 5.000,--

Utgifter til opphald for orgelbyggjarane: ca 30 000

(Dette har Førde betalt. Dei let orgelb.
bu på ein folkehøgskule og gav dei dag-
pengar slik at dei stelte brødmaten sjølve.)

I alt ----- 785 400

M 328.950,--

M 5.800,--

M 5.500,--

(Opplysningane om Førde-orgelet er gitt av Elias Ørstavik,
formann i orgelnemnda i Førde. Telef.(057) 21 133 (Jordskiftekont.))

n Kosten
elben.

*Dette er lagt rekna.
Alt i all kjem dette kuleg på omis enn 800000kr.
J.A.*

Ulike syn kom fram. Valet står mellom:
 1) eit svært godt orgel til glede for framtida,
 og risikere at heile saka vert utsett fordi
 det er for dyrt, eller 2) gå ned i krava,
 til eit orgel konsulenten meiner er for
 lite for kyrkjea vår, men rekna med
 at kommunen godtek det. Ingeborg
 Askeland kom med eit tredje forslag som
 vart einstemmig vedteke:

Vedtak: Sakerådet går inn for eit orgel
 på 3 manual etter tilråding frå
 domkantor Magnar Hangersnes og frå
 orgelnemda. Vi gjer framlegg om at
 kommunen finansierer 2 manual med
 24 stemmer (som disposisjon 1 i tilrådet
 frå Ott). Det som kjem i tillegg til
 dette for å få eit orgel med 3 manual
 (disposisjon 2), ca. kr. 200 000, vil bli
 finansiert ved innsamla midlar og
 private lån.

Referat frå siste møtet vart opplese
 og underskrive.

Sak 49/78: Vedr. elektrisk ringing.

Smed Hellemann Vetås, elektriker Johan S.
 Horken og Ingeborg Askeland har vore på
 synfaring til Hjelm kyrkje i Øygarden
 og sett på klokkeringinga der. Smed og

elektrisk
 ringing

Ymse

Sak 50

Overført
 til kultur- kursut-
 skrift. på ku-
 spljer
 om og
 Hvis i

Sak 5

Svarer
 17/11. Nordho
 å br
 søkerå

Skriv
 kyrkegj
 forma

Ingebor
 Halden
 Bjørg De